

Årsmelding 2017



SOGN REGIONRÅD

Innhald

1	Sogn regionråd	3
1.1	Møte og deltaking	3
1.2	Arbeidsgrupper	3
1.3	Rekneskap – økonomiske resultat	3
2	Aktivitetar i 2017	4
2.1	Næringsutvikling	4
2.1.1	Regionale møteplassar	4
2.1.2	Regionalt næringsssamarbeid	4
2.1.3	Reiseliv	4
2.2	Attraktiv buregion.....	5
2.2.1	Bustadutvikling	5
2.2.2	Karrieremesser	5
2.3	Regionalt barnehage- og skulesamarbeid	6
2.4	Samferdsle	9
2.5	Helse	10
2.6	IKT	11
2.6.1	Fellesordningar i Sogn regionråd	11
2.6.2	Samarbeid i fylket.....	11
2.6.3	Geografisk informasjonssystem (GIS)	11
2.7	Samarbeidsfora i Sogn regionråd	12
2.7.1	Rådmannsgruppa	12
2.7.2	Regionale nettverk.....	13
2.8	Orienteringar og gjesteforedrag	14
2.9	Rapportar	15
2.10	Fråsegner frå Sogn regionråd	15
2.11	Bruk av fond	16

1 Sogn regionråd

1.1 Møte og deltaking

Sogn regionråd er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27. Medlemskommunane er Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Ordførarane i kommunane er faste medlemmar i regionrådet. Rådet si samansetjing var slik:

Høyanger kommune, Petter Sortland (leiar)
Aurland kommune, Noralv Distad
Balestrand kommune, Harald N. Offerdal
Leikanger kommune, Jon Håkon Odd
Luster kommune, Ivar Kvalen
Lærdal kommune, Jan Geir Solheim
Sogndal kommune, Jarle Aarvoll
Vik kommune, Olav Turvoll
Årdal kommune, Arild Ingar Lægreid

Sogn regionråd hadde 7 møte:

15. februar, Bergen
31. mars, Sogndal
4. mai, Høyanger
16. juni, Balestrand
15. september, Årdal
27. oktober, Luster
8. desember, Aurland

Rådet handsama 29 saker i løpet av året.

Sogn regionråd har eige sekretariat med dagleg leiar tilsett i full stilling.

1.2 Arbeidsgrupper

Arbeidsgruppene gjev tilråding til regionrådet innan sine saksområde og har ikkje vedtaksmynde. Det er laga retningslinjer for arbeidsgrupper. Arbeidsgruppene hadde følgjande møteaktivitet:

- Helsegruppa (4 møte)
- Næringsgruppa (1 møte)
- Samferdslegruppa (3 møte)

To av møta hadde helsegruppa med Helse Førde.

1.3 Rekneskap – økonomiske resultat

Rekneskaper for 2017 vert revidert som ein del av rekneskaperen i Sogndal kommune.

Sogn regionråd fekk totalt tilført inntekter på kr 10 017 193. Av dette utgjør eksterne midlar kr 3 719 905 og refusjon frå kommunane kr 5 612 710, inkludert kr 3 426 000 i kontingentmidlar.

Det er brukt kr 1 142 519 av bundne fond, medan ubrukte midlar kr 2 413 909 er avsett til fond. Positivt netto driftsresultat er kr 1 355 390.

Renteinntektene for fondsmidlane utgjer kr 84 000, og er avsett til fondsmidlar kontigent. Meirverdiavgiftskompensasjonen utgjer kr 684 577.

Detaljar i rekneskapen og gjennomgang av bruken av fondsmidlar går fram av punkt 3 i årsmeldinga.

2 Aktivitetar i 2017

Sogn regionråd har skissert mål og strategiar for prioritering av regional utvikling i "Regionalplan for Sogn 2017-2020". Strategiplanen tek utgangspunkt i regionale utfordringar om folketalsutvikling-/framskriving, sysselsetting og næringsstruktur. Sogn regionråd har fire satsingsområde: Attraktiv buregion, kompetanse, næringsutvikling og samferdsle. Handlingsplanen blir rullert årleg.

RUP-gruppa følgjer opp arbeidet med regionalplanen og samarbeidsavtalen med fylkeskommunen.

2.1 Næringsutvikling

2.1.1 Regionale møteplassar

Sogn regionråd byggjar nettverk og samhandlingsarenaer og ønskjer å bidra til å styrka samarbeidet med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar. Møta i regionrådet er også arena for slik dialog og samhandling.

Tankesmien Agenda inviterte til arbeidsmøte for å få innspel til kva som skal til for at levande lokalsamfunn også blir viktig i framtida. Møte i Sogn var eit av fleire og Tankesmien Agenda brukte innspela til eit notat om distriktsutvikling.

Bedrifter, organisasjonar og FOU-miljø i Sogn har teke initiativ til ei felles regional satsing på natur, helse og aktivitet. 1. oktober reiste ordførarar, rådmenn og næringssefjar til Súd-Tirol for å læra om regionen si langsiktige satsing på deira felles fortrinn og felles merkevarebygging.

Vi samarbeider med forskings- og utdanningsinstitusjonar innanfor det regionale programmet for barnehage- og skuleutvikling.

Næringssefane i dei ni kommunane har møte om lag fire gonger i året for samhandling kommunane imellom og møter næringsliv og forskings- og utdanningsmiljø.

2.1.2 Regionalt nærings samarbeid

Arbeidet med å styrka det regionale nærings samarbeidet starta opp i 2017 og ulike modellar vart diskutert. Regionrådet takka nei til invitasjonen frå Innovasjon Norge om å vera pilot for verktøyet for Næringsvennlig region. Piloten vart starta opp med Lærdal næringsutvikling som prosjekteigar.

2.1.3 Reiseliv

Sogn regionråd bidreg til den felles reiselivssatsinga i Sogn. Rådet løyvde kr 250 000 i tilskot til Visit Sognefjord AS til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

2.2 Attraktiv buregion

2.2.1 Bustadutvikling

Kommunane samarbeider om bustadutvikling i Sogn og ønskjer å bruke bustadtilbodet som tiltak for tilflytting og trekka til seg fleire innbyggjarar. Sogn regionråd oppmoda kommunane om å vera med i prosjektet og sette av regionale utviklingsmidlar over tre år (2017-2019) for det vidare arbeidet. Det vart i byrjinga av året etablert ei bustadgruppe med planleggjarar frå deltakarkommunane. Området det blir jobba med går fram av vedteken bustadstrategi for Sogn. Prosjektleiari er Arne Kringlen frå Norconsult.

Bustadnettverket inviterte regionrådet og fagpersonar frå kommunane på studietur til Hardanger for å henta inspirasjon og erfaringar til eige arbeid med bustadutvikling. Dei besøkte Ullensvang og Voss for å læra meir om blant anna offentleg-privat samarbeid, samarbeid med bustadnæringa, virkemiddel i utbyggingspolitikken, bustadselskap og fortettingsløysingar. Ullensvang har stimulert den private leigemarknaden og satsa på utleigebustader i alle delar av kommunen.



Deltakarar frå Sogn besøkte Ullensvang i Hardanger

2.2.2 Karrieremesser

Sogn regionråd arbeider for å sikra busetjing og rekruttering til regionen. Sogn regionråd løyvde kr 60 000 i tilskot til Framtidsfylket sine messer i Trondheim, Oslo og Bergen. Regionrådet koordinerer kommunane si deltaking på messene og stiller med regionstand. Rådet dekkjer utgiftene til regionstand og til felles brosjyre- og profileringsmateriell.

Karrieremessene som Framtidsfylket arrangerer gir oss høve til å profilera regionen og breidda i arbeidsmarknaden. Evalueringane viser at messene er ein viktig arena for nettverksbygging og møteplass for studentar, potensielle arbeidstakarar og næringsliv.

2.3 Regionalt barnehage- og skulesamarbeid

Det regionale utviklingsprogrammet "System for styrka læring" byrja formelt i januar 2013. Regionrådet vedtok overordna programplan i 2014. Målet er å styrke læringsutbyttet for alle elevane, gjennom auka bruk av tilpassa opplæring og redusert omfang av spesialundervisning. Dette målet skal vi nå gjennom arbeid med seks strategiområde: 1. Lærande organisasjon/fagnettverk, 2. Entreprenørskap, 3. Psykisk helse og emosjonell kompetanse, 4. Tidleg innsats, 5. Vurdering for læring og 6. Motivasjon og meistring/ungdomstrinn i utvikling. Sogn regionråd har tilsett programleiar i full stilling.

Pilotprosjektet «Frå spesialundervisning til tilpassa opplæring»

Dette kan seiast å vera eit av dei viktigaste tiltaka i «System for styrka læring». Målet er å finne fram til korleis vi kan styrka tilpassa opplæring og redusere omfanget av spesialundervisning. Statped Vest var drivarane av prosjektet og PPT (pedagogisk-psykologisk teneste) var sterkt deltakande i prosjektet. Fem skular i regionen deltok: Gaupne barneskule, Leikanger barneskule, Leikanger ungdomsskule, Feios skule og Flatbygdi skule. Det vart nytta tilgjengeleg analyseverktøy og dei såg på organisering, planlegging og tilrettelegging av undervisninga. Pilotprosjektet vart avslutta i april. Tilbakemeldingane frå skulane som har delteke er særst positive. Utviklingsarbeidet har gitt endra praksis på skulane og gitt større rolle-avklaring mellom skule, PPT og eigarane. Dei gode samarbeidsformene som er etablert vil PPT vidareføre mot alle einingane. Hospitering og bruk av erfaringsdeling i nettverka er aktuelle måtar å vidareføra arbeidet på.

Fagnettverk

Vi har 8 nettverk for barnehagane i regionen, 7 av dei svarer til fagområda i rammeplanen for barnehagen. I tillegg er det eitt styrarnettverk. Høgskulen på Vestlandet er ein viktig samarbeidspart for å sikra det faglege arbeidet.

Fagnettverket «Natur, miljø og teknologi» drog på studietur til Svalbard 28. februar – 3. mars. 30 deltakarar fekk læra om barnehagane og skulane sitt fokus på berekraftig utvikling og på å ta vare på naturen.



30 barnehagetilsette frå Sogn på studietur til Svalbard.

Erfaringane deler dei på nettsidene for fagnettverk barnehage (fagnettverk.wikispaces.com). Barnehagelærarar frå Balestrand kommune var ansvarlege for studieturen. Studieturen vart i hovudsak dekkja av eksterne midlar.

For skulane har vi 21 fagnettverk. Nettverka er tufta på gjensidig forplikting og handlar om å dele, bruke og skape ny kunnskap. Då oppnår vi også eit høgare læringsutbytte. Det vart etablert nettside på wikispaces også for skulane for deling av erfaringar og dokument. Der ligg årshjulet som viser regionale og fylkesdekkande møte og samlingar.

Kvar vår har vi evaluerings- og planleggingsmøte for barnehage- og skulenettverka. Deltakarar er nettverksansvarlege, styrar /rektorar, PPT-kontora og høgskulen.

Entreprenørskap

Entreprenørskap handlar om varierte og motiverande undervisnings- og læringsformer, praktiske og livsnære aktivitetar for elevane, samarbeid med lokalt næringsliv, organisasjonar og livet utanfor skuleporten.

- **Entreprenørskapsmessa** 4. mai i Høyanger samla 600 ungdomsskuleelevar frå dei ni kommunane. Elevane frå 8. klasse fekk sjå, vurdera og læra av elevane i 9. klasse. 30 elevbedrifter hadde kvalifisert seg til den regionale finalen. I tillegg til besøk hos lokale verksemder, fekk alle elevane føredrag i plenum frå ein lokal gründer. Messa er viktig møtepunkt for elevane som byggjer lokal og regional identitet. Vertskommune går på omgang og messa blir arrangert i eit samarbeid mellom vertskommunen, stiftinga Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane og Sogn regionråd.
- **Prosjektet Entreprenøriell verktøykasse** starta opp hausten 2016. Feios skule i Vik kommune er pilotskule. Hovudmåla er å synleggjera korleis vi når måla i læreplanen med entreprenørskap som metode og vise verktøy, arbeidsmåtar og idear som skular kan bruke i arbeidet. Sogn regionråd har løyvd egne midlar til prosjektet og vi har fått midlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.



Ordførarane besøker elevbedriftene på entreprenørskapsmessa. Her med elevbedrifta Sundrive. Foto: Terje Eggum, Sogn avis.

Psykisk helse

Regional plan: Sogn regionråd tok initiativ til å få laga regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge. Målet med planen er at arbeidet med å styrka barn og unge si psykiske helse og trivsel får større merksemd i regionen. Planen inneheld felles regionale tiltak. Planen vart i januar sendt til kommunane for politisk handsaming.

Kommunane vart bedne om å konkretisera og forplikta innsatsen med å styrka barn og unge si psykiske helse. Kvar kommune utarbeider tiltak som vedlegg til den regionale planen.

Alle tilsette i barnehagar og skular skal få 10 timar basisopplæring innan fem område: Haldningar og bakgrunnskunnskap, kva som fremjar psykisk helse, kjensler – å forstå dei og handtere dei, risikofaktorar i barnehage og skule og om å handtera teikn på vanskar. Hausten 2017 starta ein opp arbeidet med basisopplæring i nokre av barnehagane i regionen.

Psykolog: Det er tilsett psykolog i folkehelsearbeidet for regionråds kommunane. Psykologen byrja 15. mai og rettleiar og underviser personale i barnehage, skule, helseteneste, barnevern og PPT. Det blir gitt basisopplæring i samsvar med regionalplanen for psykisk helse, i første omgang blir opplæringa gitt til barnehagane i regionen. Stillinga er eit samarbeid mellom kommunane i Sogn regionråd og Høgskulen på Vestlandet og vert i hovudsak finansiert av eksterne midlar.

KLAPP – forskings- og utviklingsprosjekt: Høgskulen på Vestlandet og Sogn regionråd samarbeider om KLAPP (Kompetanse i Lærarane sitt arbeid for positiv psykisk helse i læringsmiljø). To lærarar i regionen er skuleåret 2017-2018 fristilt i 10% stilling kvar for å halde kurs for heile personalet. Skulane som har vore med på KLAPP inneverande skuleår er skulane Gaupne, Kaupanger, Høyanger, Kyrkjebø og Vadheim.



Fagdag om psykisk helse - frå plan til praksis samla 190 deltakarar i Sogndal den 9. oktober

Inkluderande barnehage- og skulemiljø

Sogneregionen fekk kr 1,5 mill frå Fylkesmannen til læringsmiljøprosjektet. Satsinga er forankra i regjeringa sin politikk mot mobbing. Tema er læringsmiljø, førebygging, avdekking og handtering av mobbing, samt regelverk, leiing og organisasjonsutvikling. To ressurspersonar i kvar 40 % stilling vart tilsett før årsskiftet og vil rettleia skuleeigarar, skuleleiarar og einingar i 2018 og 2019.

Motivasjon og meistring

Ungdomstrinn i utvikling er ei nasjonal satsing. Målet er meir praktisk og variert undervisning som skal motivera til betre læring og auka gjennomføring i vidaregåande skule. Tiltaka er skulebasert kompetanseutvikling, der alle tilsette og leiing deltek gjennom lærande nettverk og samlingar i regi av Utdanningsdirektoratet og i lokale samlingar. Alle nyttar også pedagogiske nettressursar som ligg på Utdanningsdirektoratet sine nettsider. Satsingsområda i kommunane har vore: Balestrand – rekning, Leikanger – lesing og skriving, Vik, Sogndal og Aurland – klasseleiing, Årdal og Lærdal – lesing og Luster - skriving. Lesing, skriving, rekning og klasseleiing har vore gjennomgåande tema i nettverka i regionen og hovudtema på dei felles fagnettverka.

Gjennom 2016 har alle ungdomsskulane i Sogn samarbeidd med Høgskulen om sitt satsingsområde. Utviklingsarbeidet har vorte koordinert med dei andre utviklingsområda i System for styrka læring, men er vorte prioritert ekstra i perioden med skulebasert kompetanseutvikling. Balestrand og Leikanger, som starta først, gjennomførte heile denne delen av utviklingsarbeidet i 2016, medan dei andre kommunane starta opp samarbeidet med skulebasert kompetanseutvikling hausten 2016. Dette arbeidet går over 1,5 år og alle kommunane avslutta utviklingsarbeidet ved årsskiftet 2016/17. Opplæringsksamlingane for skuleeigarar/leiarar og ressurslærarar har følgd same periode. Utviklingsrettleiar har samordna arbeidet og følgd opp ressurslærarane sitt arbeid på samlingane til utdanningsdirektoratet og tilbake til kommunane.

Satsinga varte ut 2017 og alle kommunane har no rapportert til fylkesmannen og Utdanningsdirektoratet. Stillinga som utviklingsrettleiar har i hovudsak finansiert av midlar frå Utdanningsdirektoratet.

Formidling og kommunikasjon

For å bli stadig betre må vi lære av andre, samstundes som vi må formidle kva vi held på med sjølve. Det er ei interesse for barnehage- og skuleutviklinga i Sogn. Kompetansesarbeidet i fagnettverka vart synleggjort i Utdanningsdirektoratet sitt barnehagemagasin i januar under overskrifta «Det kollektive lyftet»¹.

Vitensenteret

Programleiar i System for styrka læring deltek i prosjektgruppa for Vitensenteret.

2.4 Samferdsle

Sogn regionråd har samferdsle som eitt satsingsområde. Vi har fleire prioriterte samferdsletiltak som vi aktivt arbeider for i høve avgjerdstakarar på statleg og fylkeskommunalt nivå. Ved å stå samla om tiltaka vil regionen ha større gjennomslagskraft for å få realisert dei.

Sogn regionråd orienterte fylkespolitikarane om våre felles prioriteringar på politikardagen 17. november.

¹ <http://magasinet.udir.no/barnehage/det-kollektive-lyftet/>

Samferdsleplanen for Sogn regionråd gjeld for 2016-2018. Handlingsplanen blir rullert årleg. I 2017 har vi hatt fokus på desse samferdsletiltaka innan det statlege transportansvaret og fylkesvegnettet:

1) Fylkesveg 55

Sogn regionråd prioriterer utbetring av fv 55 og strekninga Sogndal-Luster, Dragsvik-Balestrand og Tronvik-Ulvåna. Rådet støtta regional transportplan sitt framlegg til prioriteringsliste over rassikringstiltak: fv 53 Jåteli som nr 2, fv 55 Kjenes som nr 3 og fv 92 som nr 5.

2) Aust-vestsamband

Rv 52 over Hemsedalsfjellet er vedteke som hovudveg for næringstransport/tungbiltrafikk mellom Austlandet og Vestlandet. Sogn regionråd støttar arbeidet med å få ein KVU for Skei-Håbakken.

3) Flyrutetilbodet og hangar

Sogn regionråd arbeider for betre rutetilbod og har møtt Widerøe ilag med næringslivet for å drøfta rutetilbodet. Nye Sogndal kommune fekk 1 million i infrastrukturmidlar til utbygging av hangar på Sogndal lufthamn. Sogndal kommune og Sogn regionråd inviterte kommunane og fylkeskommunen til å vera med på spleiselag for hangar.

4) Vikafjellstunnel

Utgreiing for kostnadsregulerande tiltak er vedteke i NTP og regionrådet vil følgje utgreiinga som Statens vegvesen byrjar på i 2018.

5) Sognebåt

Sogn regionråd har ilag med Visit Sognefjord og næringa i regionen har arbeidd for å utvikla rutetilbodet for Sognebåten. Tiltaka som er spelt inn er utvida sommarrute og flytta endestogg frå Sogndal til Flåm. Utvida sommarrute med to månader (april og oktober) vert iverksett frå 2018 og næringa finansierer utvida sommarrute. Sogn regionråd har i samarbeid med Visit Sognefjord drøfta tiltaka med politisk og administrativ leiing i fylkeskommunen og på politikardagen i november.

Sogn regionråd gav innspel om løysingar i høve takstharmonisering for å redusera risikoen for stor passasjeredgang.

2.5 Helse

Helsegruppa arbeider med samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta.

1) MR-maskin ved Lærdal sjukehus

Sogn regionråd tilrådte kommunane å vera med å finansiera MR-maskin ved Lærdal sjukehus. Med bidrag også frå næringsliv og privatpersonar var maskina fullfinansiert hausten 2016. Helsegruppa har i 2017 vore jamnleg i møte med Helse Førde for å få tidlegare installering av MR. Helse Førde vedtok i budsjettmøte å finansiera påbygging ved Lærdal sjukehus og utbygginga vil bli ferdigstilt hausten 2018.

2) Risiko- og sårbarheitsanalyse innan akuttmedisin

Arbeidet med ein regional analyse innan akuttmedisin vart starta opp på hausten. Bakgrunnen for analysen er at Helse Førde har starta arbeidet med plan for prehospitale tenester og vil sjå på organiseringa av ambulansetenesta i Sogn og Fjordane. Den regionale analysen kartlegg ressursituasjonen og vurderer akuttberedskap, legevaktteneste og ambulansetenesta i kommunane.

3) Audiografteneste i spesialisthelsetenesta

Sogn regionråd meiner det er behov for ei betre audiografteneste enn den som eksisterer i dag. Helsegruppa har spelt inn til Helse Førde at det bør etablerast eiga audiografteneste ved Lærdal sjukehus. Helse Førde vurderer tenesta som del av utviklingsprosjektet Nye Lærdal sjukehus.

2.6 IKT

2.6.1 Fellesordningar i Sogn regionråd

Overordna samarbeidsavtale

Samarbeidsavtalen mellom kommunane i Sogn regionråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune regulerer samarbeidet om IKT-tenester, og det er laga to delavtaler mellom samarbeidspartane:

- **Kommunenett:** Kommunikasjonsnettet bind kommunane saman med felles oppkoplingspunkt til fylkeskommunen. Løysinga er grunnlaget for digitale fellesløysingar.
- **GIS-løysing:** Sogn regionråd sa om hausten opp avtalen med fylkeskommunen om drift av GIS-systemet. Bakgrunnen er at Kartverket innfører sentrallagring av felles kartdatabase og behov for å tilretteleggja løysingar. Kommunane har i fleire år nytta programvare frå Norkart og ifjor vart drifta flytta til same leverandør.

IKT-faggruppa

IKT-faggruppa følgjer opp felles avtalar og er arena for IKT-relaterte problemstillingar i Sogn regionråd og rapporterer til rådmannsgruppa. Det var to møte i 2017. Leiar var Eva L. Løvdahl, Årdal kommune.

IKT-faggruppa i Sogn regionråd arrangerte kurs om personvern og informasjonssikkerheit i mai. Kurset var delfinansiert av regionrådet og fekk god deltaking frå kommunane.

2.6.2 Samarbeid i fylket

Breibandforum

Sogn regionråd sin representant i Breibandforum er Geir Svendsen, Vik kommune.

IT-forum Oppvekst og Utdanning

Nettverket arbeider for å finna løysing for digitalt samarbeid på tvers av skulesteg. Sogn regionråd sin representant er Jarle Christensen, Vik kommune.

Koordineringsrådet

Alf Olsen er Sogn regionråd sin representant i koordineringsrådet i Helse Førde. Koordineringsrådet skal bidra til å utvikle og sikre kvaliteten på samarbeid og samhandling mellom partane.

2.6.3 Geografisk informasjonssystem (GIS)

Kommunane i Sogn regionråd har felles GIS-løysing med programvare for oppdatering av kartdata og forvaltning av kommunale avgifter. I tillegg har kommunane felles kartløysing på web der kartdata er tilgjengeleg for publikum. Sogn regionråd har tilsett GIS-koordinator i full stilling. GIS-koordinator rapporterer fagleg til dagleg leiar og rådmannsgruppa er styringsgruppe.

Adresseprosjektet

Prosjektet for å få på plass vegadresser i regionen starta i 2012 og vil halda fram i 2018:

- Vik kommune er ferdig med adressetildeling og skilting av gatene.
- Lærdal kommune har tildelt adressa og skal starte arbeid med skilting.
- Kommunane Sogndal, Luster, Årdal og Aurland jobbar aktivt med tildeling av nye gateadresser.
- Skilting av vegane med adressenamnskilt skal pågå i 2018.
- Tal vegadresser i Sogn og Fjordane 67,28 prosent og for kommunane i vårt samarbeid 88,42 prosent.

Kompetanseheving

Det er gjennomført intern og ekstern opplæring for nye medarbeidarar og sakshandsamarar i regionen for bruk av GIS-verktøy:

- Innføring i bruk av GIS-line (5 personar).
- Kurs i oppdatering av planregister (4 personer).
- Det har vert fagsamling med Komtek-brukarar i Leikanger (20 personer).
- Opplæring i bruk av sakshandsamarkart og Web Plan (digital planregister) i Sogndal, Leikanger, Aurland, Lærdal og Vik. Luster og Balestrand i eigen regi.

GIS- og KomTekprogramvare

GIS-line og KOMTEK programvare vart oppdatert på alle terminalserverer hos fylkeskommunen.

Drift av GIS- og KomTek-løysing og all kartdata er flytta frå fylkeskommunen til nytt driftssenter hos Norkart AS i oktober 2017.

Kartdata i Sognregionen

- Det er installert ny webportal som gir utvida funksjonalitet for sakshandsamarar og fungerer på mobil.
- Det er installert nytt digitalt planregister «GISLINE WebPlan» med tilgang til reguleringsplanar og er tilgjengeleg for publikum.
- Prosjekt med digitalisering av reguleringsplaner pågår i Luster, Lærdal og Vik. Årdal kommune er ferdig med digitalisering av utvalde planar.
- Luster og Sogndal kommune fikk etablert kartbaser med planar på høyring.
- Det er starta prosess med kartlegging av friluftslivsområde hos alle kommunane.
- Det er innført Sentrallagring av FKB (felles kartbasene) med dagleg QMS oppdateringer hos Kartverket.

Samarbeid

Representantar frå regionen har delteke på Plan- og temadatautvalet (PTU) i Sogn og Fjordane, FDV-årsmøte for Indre Sogn på Skei, GeoForum, Geovekstprosjektet, Norgedigital, på Lokale plan- og kartdagar i Loen og GISLINE Brukermøte i Oslo.

2.7 Samarbeidsfora i Sogn regionråd

2.7.1 Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa er eit forum for erfaringsutveksling og utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjonen i regionen. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek i møta og skriv møtereferat.

Leiar for rådmannsgruppa i 2017 var Olve Fossedal, rådmann i Årdal kommune. Gruppa hadde 5 møte og blant sakene har vore:

- Arbeidsgjevarkontroll
- Felles barnevernsvakt
- Forstudierapport om utvikling av interkommunalt samarbeid om bu- og omsorgstilbod i indre Sogn
- Prosjekt om bustadutvikling

- Kommunepsykolog
- Vitensenteret Sogn og Fjordane på Kaupanger
- Regional risiko- og sårbarhetsanalyse innan akuttmedisin
- GIS-samarbeidet
- Det regionale barnehage- og skulesamarbeidet «System for styrka læring»

2.7.2 Regionale nettverk

Regionale fagnettverk er arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette i kommunane, og gir høve for å setja tema på dagsorden, informera om aktuelle saker og samhandle med eksterne aktørar. Ungdomsnettverket vart starta opp i 2006, kulturnettverk i 2011 og næringsnettverk, HR/personal og helse- og omsorgsnettverket starta i 2012 og oppmålingsgruppa i 2013.

Barnehage- og skuleregion Sogn

Deltakarar er barnehage- og skulefagleg ansvarlege i kommunane. Utviklingsrettleiar for ungdomsskulane og programleiar for System for styrka læring deltek på møta. Det har vore åtte møte. Tema har vore inkluderande barnehage- og skulemiljø, ungdomstrinn i utvikling, ny rammeplan for barnehagane, korleis ein i dei ulike kommunane følg opp nasjonale satsingar, regional plan for god psykisk helse, kompetansamidlar, lærande nettverk i fylket og region, samt ulike tverretatlege samarbeidsarenaer som t.d. Frå spesialundervisning til tilpassa opplæring i samarbeid med PPT. Bjarnhild Samland, Vik kommune, har vore leiar. Leiaren deltek i Skule- og barnehageutvalet og Forum for skule- og barnehageutvikling i Sogn og Fjordane.

Helse- og omsorgsnettverk

Deltakarar er helse- og omsorgsleiarar. Nettverket har hatt fem møte. Tema har blant anna vore kompetansebehov og rekrutteringsutfordringar i omsorgstenesta, rutinar for tildeling av tenester, innføring av ny nasjonal forskrift, arbeidet med etablering av FACT team og prosjektet «Tilbod til brukarar med langvarige og samansette behov». Rigmor Svanberg, kommunalsjef i Årdal har vore leiar. Leiaren deltek i Forum for helse, omsorg og folkehelse.

HR-/personalnettverk

Deltakarar i nettverket er personalsjefar/-medarbeidarar frå kommunane. Det er halde tre møte. Tema har vore lønsoppgjeret 2017, digital sjukemelding, prosess på kommunesamanslåing i Sogn, og KS sitt debatthefte. Utover desse fellesmøta, er det halde fleire møte der berre nokre av kommunane deltek, ut frå særskild interesse for tema. På desse møta har følgjande saker vore tema: 10 – faktor, uttak av uførepensjon i KLP og tilsettingsprosess av trainee innan Plan og forvaltning.

Utanom møta fungerer nettverket som eit fagleg nettverk der spørsmål om arbeidsrett, organisasjon, løn og elles spørsmål knytt til den daglege drifta vert delt mellom kommunane. Dette er ei effektiv form for deling av kunnskap og erfaring, og styrkar både organisasjonane og den enkelte medarbeidar. Personalsjef Arnvid Hovland frå Høyanger kommune, er leiar for nettverket.

Kulturnettverk

Deltakarar er kulturleiarar eller tilsette som dekkjer hovudtema for det aktuelle møte. Det har ikkje vore møte i 2017.

Næringsnettverket i Sogn

Deltakarar er næringsansvarlege i kommunane. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek på møta. Nettverket hadde fire møte. Tema var mellom anna merkevarebygging (Naturleg Aktiv Næring Sogn), masterplan for reiselivssatsinga i Sogn, sykkelprosjektet Fjord Bike & Hike, regionalt næringsssamarbeid og pilotprosjektet Næringsvennlig region. I samband med møta har nettverket besøkt Fredag i gamle Lærdalsøyri og nytt

Innovasjonsbygg på Fosshaugane Campus. Odd Rune Turvoll, nærings sjef i Vik kommune, har vore leiar i nettverket.

Oppmålingsgruppa

Det har vore sju møte i faggruppa for landmålarane i regionen. Tema har over avklaringar knytta til ikt-løysingar (flytting av GIS-løysing frå fylkeskommunen til nytt driftssenter hos Norkart og nye versjoner av kartløysing på web, Kommunekart og Sognekart), lovendringar (privatisering av kommunal oppmåling med ev konsekvensar og innspel til høyringane) og rutinar (struktur og innhald i felles rutinar for oppmålingsarbeidet og rettleiarar til rutinar for oppmålingsarbeid). Gruppa også diskutert kvardagsutfordringar og har hatt nyttig dialog der dei utvekslar erfaringar. Leiar i nettverket er Bjørn Inge Fossen, Luster kommune.

Ungdomsnettverk

Deltakarar er ungdomsarbeidarar i kommunane. Det var eitt møte og fokus har vore hybelbuarar og erfaringsutveksling. Deltakarar melder at samarbeidet gjennom nettverket er viktig og gir høve for erfaringsutveksling. Leiar i nettverket er Gunnvor Haug Moen, Årdal kommune.

2.8 Orienteringar og gjesteforedrag

I møta i Sogn regionråd har desse delteke med innleiingar:

- Vidar Otterstad, jordskifterettleiar Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett og Indre Sogn jordskifterett, Sven Marius Urke, direktør og Solveig Moen, avdelingsdirektør, Domstoladministrasjonen, Vidar Bergtun, jordskiftelagdommar Gulating lagmannsrett og Terje Mowatt, sorenskrivar Sogn og Fjordane tingrettar
- Terje Søreide, dagleg leiar Høyanger næringsutvikling
- Svein Sanden, lufthamnsjef Avinor
- Stein Morten Rønningen, distriktssjef Sogn og Fjordane sivilforsvarsdistrikt
- Ivar Petter Grøtte, forskingsleiar Vestlandsforskning og Torgeir Skålid, rådgjevar Sogn næring
- Børge Tvedt, viseadministrerande direktør, Stian Sægrov, ambulansesjef og Stig Igland, samhandlingssjef Helse Førde
- Børge Hognestad, prosjektleiar /fagansvarleg Stiftelsen Norsk Luftambulans
- Arne Johansen, kommunalsjef for helse og omsorg Lærdal kommune
- Stig Roar Hovland, styreleiar, Ragnhild Fjærestad, dagleg leiar og Morten Rørvik, ansvarleg for marknad, Sogneprodukt
- Gro Rukan, dagleg leiar Framtidsfylket
- Sondre Sognnes Haugen, rådgjevar Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord
- Sigurd Kvikne, hotelldirektør Kviknes Hotel
- Synnøve Aabrekk, prosjektleiar og Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord
- Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef og Margun Thue, stadleg leiar Helse Førde
- Toril Taklo, avdelingsleiar Helse Førde
- Stig Vattekar, rådgjevar, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Sverre Thorsnes, konsernsjef KLP og Anders Austrheim, kunde- og salsleiar Sogn og Fjordane
- Johannes Skaar, Innovasjon Norge, Ingvill Flo, prosjektleiar og Torun Bakken, utviklingsleiar i Fosen regionråd og Odd Rune Turvoll, næringsnettverket i Sogn
- Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord AS
- Hilde Hordnes, PwC, Alf Olsen, rådmann og Arne Johansen, kommunalsjef helse og omsorg, Lærdal kommune

2.9 Rapportar

Rapportar utarbeidd av eller på oppdrag frå Sogn regionråd:

- Rapport om lærande organisasjon og arena for kompetanseheving for tilsette og studentar, Høgskulen på Vestlandet, 8.2.2017
- Frå spesialundervisning til tilpassa opplæring, Statped Vest og Sogn regionråd, 6.11.2017
- Studietur Südtirol, Sogn regionråd, 21.12.2017

2.10 Fråsegner frå Sogn regionråd

Sogn regionråd har gitt følgjande fråsegner i 2017:

- Ferjeruter Vangsnes-Hella-Dragsvik og Mannheller-Fodnes, 31.1.2017
- Forslag til endringar i vassressurslova og jordlova - til Olje- og energidepartementet, 10.2.2017
- Innsyns- og klagerett over eigedomsskatt på kraftanlegg - til Finansdepartementet, 8.3.2017
- Jordbruksmeldinga, Meld. St. 11 (2016-2017) Utvikling og endring – til Mat- og landbruksdepartementet, 22.3.2017
- Endringar i rutetilbodet for ekspressbåtane Sogn-Bergen - til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 28.4.2017
- "En mer effektiv og framtidsrettet hjelpemiddelformidling" til Arbeids- og sosialdepartementet, 9.5.2017
- Konseptutgreiing Siviltforsvaret til Justis- og beredskapsdepartementet, 8.6.2017
- Eigedomsskatt på produksjonsrelaterte nett og kraftanlegg - til Finansdepartementet, 21.7.2017
- Regional transportplan for Sogn og Fjordane 29.9.2017
- Nei til endringar av kommunal skattlegging - til finanskomiteen, 10.11.2017
- Endra vilkår for bortebruarstipend slår hardt ut i Sogn - til finanskomiteen, 16.11.2017
- MR ved Lærdal sjukehus - brev til Helse Førde, 24.11.2017

2.11 Bruk av fond

Det står kr 5 922 328 på fond pr 31.12.2017.

1. Diverse prosjekt

Kr 1 233 154 er unyttta RUP-midler (regionale utviklingsprosjektmidlar) frå fylkeskommunen og kommunane og tilbakeført meirverdiavgiftkompensasjon.

2. Ungdom

Kr 85 408 er midlar sett av til ungdomsnettverket og er unyttta midlar frå 2013 som ungdomsnettverket disponerer i samsvar med aktivitetsplanen.

3. Barnevern

Det står att kr 17 517 som kan nyttast til barnevern til dømes kompetanseutvikling.

4. Barnehage

Unyttta eksterne midlar frå Fylkesmannen til kompetanse og utvikling kr 993 485 er sett på fond.

5. Skule

Unyttta midlar frå det regionale utviklingsprogrammet kr 484 000 er sett av på fond.

6. Fagnettverk

Unyttta midlar frå fagnettverka utgjer kr 543 439 og er i hovudsak kontigentmidlar.

7. Kontingent

Unyttta kontigentmidlar på kr 829 510 er sett på fond. Delar av sumen er renteinntekter av fondsmidler.

8. IKT

Unyttta midlar kr 34 104 er sett på fond og kan dekke medlemskap eller gå til kurs/samling innan IKT.

9. Psykolog folkehelse

Midlar for ei av dei to psykologstillingane innan folkehelse vi fekk midlar for i 2014 er tilbakeført til Helsedirektoratet. Unyttta midlar frå direktoratet kr 167 112 er sett på fond til bruk i 2018.

10. Læringsmiljøprosjektet

Sogn regionråd fekk overført kr 1 534 599 frå Fylkesmannen i tilskot til drift av prosjektet Inkluderande barnehage- og skulemiljø som varer ut 2019.

Note nr 19 - Rekneskapsoversikt - Sogn regionråd

Deltakarkommunar: Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal	Rekneskap 2017	Revidert budsjett	Opphavleg budsjett	Rekneskap 2016
DRIFTSINNEKTER				
Refusjonar frå deltakarkommunar	-5 612 710	-5 014 000	-5 152 000	-5 147 167
Refusjon frå staten	-257 965			-106 396
Refusjonar frå fylkeskommunen	-4 500			-3 191
Refusjonar frå andre/private	-2 482			-330
Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-234 527	-235 000	-236 000	-284 074
Refusjon sjukepengar	-1			-52 978
Overføringar frå staten	-2 620 431	-419 000	-400 000	-633 000
Overføringar frå fylkeskommunar	-500 000	-500 000	-550 000	-600 000
Overføring frå kommunar	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
Overføringar frå andre	-70 000	-40 000	-40 000	-45 000
Mva kompensasjon	-684 577			-724 214
Sum driftsinntekter	-10 017 193	-6 238 000	-6 408 000	-7 626 350
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	1 595 446	1 635 000	1 643 000	1 234 888
Sosiale utgifter	488 958			389 854
Kjøp av varer og tenester som går inn i kommunal tenesteprod	3 400 738	3 311 000	3 438 000	4 088 833
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod	787 814			22 648
Overføringar	2 472 847	2 536 000	2 463 000	2 434 544
Sum driftsutgifter	8 745 803	7 482 000	7 544 000	8 170 767
Brutto driftsresultat	-1 271 390	1 244 000	1 136 000	544 417
Finansinntekter/finansutgifter				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter				0
Renteinntekter *	-84 000			-84 210
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-84 000	0	0	-84 210
Netto driftsresultat	-1 355 390	1 244 000	1 136 000	460 207
Avsetjing og bruk av fondr				
Bruk av bundne fond	-1 142 519	-1 244 000	-1 136 000	-1 222 835
Avsetjingar til bundne fond	2 497 909	0	0	762 628
Sum avsetjing og bruk av fond	2 497 909	0	0	762 628
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	0	0	0	0

Oversikt over fond Sogn regionråd	31.12.2017	31.12.2016
Fond Sogn regionråd - diverse prosjekt	-1 233 154	-1 327 914
Fond Sogn regionråd - ungdom	-85 408	-85 408
Fond Sogn regionråd - barnevern	-17 517	-17 517
Fond Sogn regionråd - barnehage	-993 485	-730 614
Fond Sogn regionråd - skule	-484 000	-499 981
Fond Sogn regionråd - Skule fagnettverk	-543 439	-416 903
Fond Sogn regionråd - kontigent	-829 510	-645 268
Fond Sogn regionråd-IKT	-34 104	0
Fond Sogn Regionrådet - psykolog folkehelse	-167 112	-843 333
Fond Sogn Regionrådet - Læringmiljøprosjektet	-1 534 599	
SUM	-5 922 328	-4 566 937



Sogn regionråd
Postboks 153, 6851 Sogndal
Telefon: 57 62 96 14
E-post: postmottak@sogndal.kommune.no
www.sogn.regionraad.no



Aurland
kommune



Balestrand
kommune



Høyanger
kommune



Leikanger
kommune



Luster
kommune



Lærdal
kommune



Sogndal
kommune



Vik
kommune



Årdal
kommune